

**Møteprotokoll**

<b>Utval:</b>	Hovudutval for opplæring og kompetanse
<b>Møtestad:</b>	Digitalt
<b>Dato:</b>	23.11.2021
<b>Tid:</b>	09:05-13:40

**Følgjande faste medlemer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Karianne Alette Torvanger	Leiar	A
Nina Bognøy	Medlem	A
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A
Åsmund Berthelsen	Nestleiar	SV
Alexander Fosse Andersen	Medlem	SP
Sigurd Erlend Reksnes	Medlem	SP
Kristina Vaktskjold Hamre	Medlem	KRF
John Andre Kongsvik	Medlem	H
Sonja Merethe Øvre-Flo	Medlem	H
Svein Kolbein Halleraker	Medlem	H
Jeanette Onarheim Syversen	Medlem	R
Nils Haugland	Medlem	FNB
Rosalind Fosse	Medlem	FRP

**Følgjande medlemer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Emil Lennart Pålikoff Gadolin	Medlem	A
Pauline Tomren	Medlem	MDG

**Følgjande varamedlemer møte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Katrine Helland Johannessen	Emil Lennart Pålikoff Gadolin	A
Øyvind Strømmen	Pauline Tomren	MDG

**Merknader**

Møtet skulle opphaveleg ha vore i Bergen, men vart omgjort til digitalt grunna auka smitte. Dei nye sakene som vart satt på sakskartet har fått nummera PS 68 og PS 69, da saklista til neste møtet allereie var sendt ut med nummera PS 66 og PS 67.

**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Bjørn Lyngedal	Avdelingsdirektør opplæring og kompetanse
Bertil Søfteland	Seksjonssjef politisk sekretariat
Arild Knapskog	Rådgjevar politisk sekretariat / møtesekretær

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 22/21	Godkjenning innkalling og sakliste		
GK 23/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for opplæring og kompetanse 26.10.2021	2020/77170	
	<b>Referatsaker</b>		
RS 44/21	Samarbeid mellom skule og arbeidsliv - løypemelding	2020/73823	
RS 45/21	Elev- og lærlingombodet - bemanninga framover	2021/52736	
RS 46/21	Spørsmål om prosentdel av søkarar som får tilbod om skuleplass på første ønske	2021/47877	
	<b>Skriftlege spørsmål</b>		
SI 10/21	Spørsmål frå Fosse Andersen (Sp) - oppfølgingstenesta - oppfølging av vedtakspunkt	2020/38206	
SI 11/21	Spørsmål frå Berthelsen (SV) - Om samarbeidet med dei private skulane om felles tidspunkt for inntak	2020/38206	
SI 12/21	Spørsmål fra Kongsvik (H) - privatistordning - produksjonsskole - digitale læremidler versus fysiske	2020/38206	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 56/21	Tilpassa opplæring	2021/52031	
PS 57/21	Opplæringstilbodet for skuleåret 2022/23	2021/47877	
PS 58/21	Høyring - ny opplæringslov	2021/52521	
PS 59/21	Utdanningsprogrammet Restaurant- og matfag	2021/51947	
PS 60/21	Kvalitetsmelding for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune - Del 1 og 2	2021/26764	
PS 61/21	Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune 2021 - 2024	2020/47906	
PS 62/21	Handlingsprogram til temaplan Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring	2021/52391	
PS 63/21	Fylkeskommunal vikarteneste vidaregåande opplæring	2021/2445	
PS 64/21	NDLA- samarbeidsavtale (nye vedtekter) for oppgåvefelleskapet	2021/53260	
PS 65/21	Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2021	2020/75634	
PS 68/21	Elev- og lærlingombodet - bemanninga framover		
PS 69/21	Samarbeid mellom skule og arbeidsliv - løypemelding		

## Godkjenningssaker

### **GK 22/21 Godkjenning innkalling og sakliste**

**Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 23.11.2021**

**Karianne Torvanger (A)** sette fram forslag om å løfte RS 45/21 «Elev- og lærlingombodet - bemanninga framover» til politisk sak. Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok samrøystes å sette saka på sakskartet.

**Jeanette Onarheim Syversen (R)** sette fram forslag om å løfte RS 44/21 «Samarbeid mellom skule og arbeidsliv - løypemelding». Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok samrøystes å sette saka på sakskartet.

Innkallinga og sakslista vart godkjent med merknadane ovanfor.

### **GK 23/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for opplæring og kompetanse 26.10.2021**

**Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 23.11.2021**

Protokollen vart godkjent utan merknader.

## Referatsaker

### **RS 44/21 Samarbeid mellom skule og arbeidsliv - løypemelding**

**Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 23.11.2021**

RS 44/21 vart referert.

### **RS 45/21 Elev- og lærlingombodet - bemanninga framover**

**Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 23.11.2021**

RS 45/21 vart referert.

### **RS 46/21 Spørsmål om prosentdel av søkarar som får tilbod om skuleplass på første ønske**

**Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 23.11.2021**

RS 46/21 vart referert.

# Skriftlege spørsmål

## SI 10/21 Spørsmål frå Fosse Andersen (Sp) - oppfølgingstenesta - oppfølging av vedtakspunkt

Representanten **Alexander Fosse Andersen (Sp)** stilte følgjande spørsmål:

Eg viser til handsaming av fylkestingssak 6/21 om oppfølgingstenesta i mars. Fylkestinget fatta mellom anna dette vedtakspunktet:

*5. Bakgrunnen for prosjekta Hardanger produksjonsskule og SEFF - Florø er Riksrevisjonen si undersøking i 2012-2015 av om ungdom som har gjort avbrot i vidaregåande opplæring, får god nok oppfylging av oppfølgingstenesta og NAV. Vestland fylkeskommune har allereie samarbeid med NAV på ulike område. Avtale mellom OT og NAV skal etter planen vere ferdig i mars. Fylkestinget ber administrasjonen undersøkje moglegheitene for eit samarbeid med NAV om finansiering av Hardanger produksjonsskule og SEFF - Florø.*

Eg lurar på kva som er status for oppfølging av dette vedtakspunktet

### Svar frå avdelingsdirektøren:

Avdelingsdirektøren for opplæring og kompetanse har arbeidd saman med NAV om å etablere ein samhandlingsstruktur.

Det er signert overordna avtale mellom NAV og fylkeskommunen. Den overordna avtalen er vedlagt svaret. I tillegg er det utarbeidd og signert to underavtalar. Desse gjeld:

1. Vidaregåande opplæring for vaksne
2. Ungdom utanfor opplæring og arbeid

Avtale om karriererettleiing under arbeid.

I samhandlinga med NAV har avdelingsdirektøren følgd opp vedtakspunkt 5 frå FT sak - 6/21. I møte med avdelingsdirektøren i NAV 20. april 2021 var tilbakemeldingane at NAV sine tiltaksmidlar er lagt ut i dei ulike NAV regionane og at det er dei ulike NAV-regionane som tek stilling til korleis dei nyttar midlane. Under viser ein tabell over NAV sine regionar.

NAV si regioninndeling
Region Bergen
Region Sunnfjord
Region Nordfjord
Region Sogn
Region Sunnhordland
Region Voss/Hardanger
Region Nordhordland
Region Midthordland
Region Vest

I møtet peika NAV på at kommunar kan vere ein naturleg økonomisk samarbeidspart. For Hardanger produksjonsskule, som rekrutterer ungdom frå ein større region, fekk avdelingsdirektøren råd om at det kan vere naturleg at fleire kommunar er medaktørar i ei finansiering. Avdelingsdirektøren har ikkje hatt egne møter med dei aktuelle NAV-regionane enda.

NAV Fylke og fylkeskommunen har invitert, kvar på si side, lokale og regionale leiarar og andre sentrale fagpersonar til ei halvdagssamling 1. desember 2021. Målet for samlinga er å sikre eit nært og målretta samarbeid mellom NAV og fylkeskommunen for å oppnå intensjonane med avtalane, og avdelingsdirektøren for opplæring og kompetanse vil nytte denne samlinga til å følgje opp FT sak - 6/21.

## **Fullføringsreformen**

Meld. St. 21 (2020-2021) *Fullføringsreformen - med åpne dører til verden og fremtiden* inneholdt ulike tiltak for at fleire ungdomar og vaksne skal bestå den vidaregåande opplæringa med studie- eller yrkeskompetanse. I Stortinget si handsaming av Meld. St. 21 (2020-2021), *Fullføringsreformen*, var vedtaks punkt nr. 1080, 20. 1. juni 2021: Produksjonsskular. «Stortinget ber regjeringa legge til rette for etablering av flere produksjonsskoler.».

I revidert nasjonalbudsjett for 2021 vart det løyvd 6 mill. kroner til produksjonsskular i Vestland fylkeskommune. jf. Innstilling 600 S (2020-2021). I statsbudsjettet for budsjettåret 2022 er det gjort framlegg om å vidareføre denne løyvinga.

På bakgrunn av dette meiner avdelingsdirektøren at dei statlege løyvingane saman med den fylkeskommunale løyvingane, vil sikre vidare drift av produksjonsskuletilbodet for avdeling Hardanger ut 2022. SEFF - Florø har finansiering ut skuleåret 2021/22.

Avdelingsdirektøren vil halde fram med dialog med NAV om mogleg finansiering av Hardanger produksjonsskule og SEFF-Florø.

## **SI 11/21 Spørsmål frå Berthelsen (SV) - Om samarbeidet med dei private skulane om felles tidspunkt for inntak**

Representanten **Åsmund Berthelsen (SV)** stilte følgjande spørsmål:

1. Korleis går arbeidet med å få til eit felles tidspunkt for inntak for dei offentlege og dei private vidaregåande skulane i Vestland?
2. Korleis vil administrasjonen arbeide med dette vidare? Er det aktuelt å ta det opp i høyringa til ny opplæringslova?

**Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse svarar:**

### **Svar på spørsmål 1**

Fylkeskommunen sitt inntak til vidaregåande opplæring har i 2021 inkludert tre av dei 13 private skulane i fylket. Dette er Danielsen vidaregåande skule, St.Paul vidaregåande skule og Sygna vidaregåande skule.

Det ligg føre avtale om samarbeid med dei tre friskulane. Avtalen har ein generell fellesdel og ein særskilt del som er tilpassa den enkelte skule.

Det er mogleg for alle friskular i Vestland fylke å teikne avtale for slikt samarbeid. Fylkesdirektøren har i 2021 ikkje følgd opp friskular utanfor samarbeidet med fornya invitasjon til å inngå samarbeid om inntak. Bakgrunn for dette var tilbakemeldingane frå friskular, og at ein ville ta med innspel frå evaluering av eksisterande samarbeid.

Administrasjonen gjennomførte evalueringsmøte med private friskular 22.09.21 På det møte fekk ein drøfta ulike utviklingspunkt.

### **Utviklingspunkt som kom fram på evalueringsmøte med friskulane**

- Det er i dag ikkje mogleg å operere med to ventelister. Venteliste plassering i VIGO blir rekna ut frå søkjar sin poengsum og tal plassar i klasseordninga.
- Minoritetsspråklege søkjarar som søker 1. mars konkurrerer seg inn på lik line med andre søkjarar. Det er ikkje mogleg å skilje desse elevane frå ordinære elevar når dei ikkje søker innan 1.februar.

- Der det er mange sekundærskolar som har fått tilbod kan det skje store endringar i neste inntakstrinn. Dette kan være utfordrande for friskular.
- Det er i dag ikkje mogleg å skilje mellom offentlege og friskular i VIGO.

## Svar på spørsmål 2

Fylkesdirektøren vil med bakgrunn i erfaringane frå det eksisterande inntakssamarbeidet invitere til å utvide samarbeidet med fleire skular. Dei utfordringane som kjem frem i evalueringa vil det arbeidast vidare med, og fylkesdirektøren har dialog med andre fylkeskommunar for å sjå på moglege løysingar.

Dei 13 friskulane har ulike eigenartar og kan delast i fire ulike kategoriar/grupper

Gruppe 1: Danielsen vgs, St. Paul gymnas og Sygna - Dette er med i VIGO-inntaket.

Gruppe 2: Metis, BPG og Akademiet Bergen FPG - Dette er «vanlege» skular med poenginntak, og kan kunne inngå i felles inntak gjennom VIGO om skulane ønskjer det.

Gruppe 3: Framnes Kristne vgs og Kongshaug musikkgympnas - Dette er internatskular og tar inn mange elevar frå heile landet. Argumentasjonen ved tidlegare førespurnad om inntak i VIGO var at dei tek inn elevar frå heile landet og ønskjer å gje tilbod tidlegare enn juli, då mange av elevane må flytte.

Gruppe 4: Steinerskolen på Skjold, Rudolf Steinerskolen, Hop vgs, Krokeide vgs og NTG - Dette er skular som ikkje tar inn etter karakter, men etter andre kriterier. Dette er det lite tenleg å ta med i VIGO-inntaket.

I gruppe 2 vil eit samarbeid om inntak ha klare positive sider sett frå fylkeskommunens side.

Avdelingsdirektøren vil difor på nytt ta initiativ til samarbeid. Om skular i gruppe 2 ser at slikt samarbeid er tenleg vil ein avtale dette slik som for skular i gruppe 1.

Det er i dag ulike retningslinjer for inntak som gjeld for offentlege skular og for private friskular.

Offentlege skular tek inn elevar etter standpunkt og eksamenskarakterar. Dei private skulane tek i hovudsak inn etter halvårsvurderingar. Dette gjer at dei kan gje tilbod tidlegare. I følgje forskrift til friskulelova er det ikkje krav om kva karakter som skal gjelde for inntak, og difor kan skulane ta inn etter halvårsvurdering. Det er heller ikkje fastsett søknadsfriser i friskulelova. For offentlege skular er det i *forskrift til opplæringslova §6-8* klare reglar for dette.

Dersom den nye opplæringslova gjer felles reglar for inntak for alle vidaregåande skular ville det være enkelt å få til eit samarbeid om inntak i fylket. Dette er difor eit aktuelt tema for innspel i høyringsrunda til ny opplæringslov.

## SI 12/21 Spørsmål fra Kongsvik (H) - privatistordning - produksjonsskole - digitale læremidler versus fysiske

Representanten **John Andre Kongsvik (H)** stilte følgjande spørsmål:

### 1) Privatistordningen i Vestland

Tidligere har elever som gjennomfører privatisteksamen ved ulike utdanningsinstitusjoner som Metis og Danielsen hatt anledning til å få hjelp fra faglærere ved gjennomføring av eksamen på lik linje med elever som fullfører ordinært studieløp i den videregående skole. Gjelder fortsatt denne ordningen for privatistelevene?

Tidligere har fylkeskommunen benyttet lærerressurser fra friskoler som sensorer ved gjennomføring av eksamen. Gjelder fortsatt denne ordningen?

### 2) Produksjonsskolene

Produksjonsskolene i Vestland har vært et viktig verktøy for å få elever tilbake på skolebenken for å hindre langvarig frafall.

- Hva er status på elever per dags dato ved begge skoler?

- Kan administrasjonen si noe om forventet elevtall i året som kommer?

### 3) Digitale læremidler versus fysiske læremidler

En stor del av elevenes lærebøker er blitt digitale med årene. I enkelte fag som matte, fysikk, kjemi er det ofte et større læringsutbytte å ha fysiske lærebøker tilgjengelig for å gjennomføre både pensum og repetisjon for å oppnå maks læringsutbytte.

- Kan administrasjonen si noe om kostnadene ved å gjøre fysiske lærebøker tilgjengelig i realfagene?

## Svar frå avdelingsdirektøren:

### 1) Privatistordninga i Vestland

Hordaland fylkeskommune hadde fram til og med hausten 2018 ei ordning der privatistar som gjekk på kurs fekk ha kurslæraren sin som eksaminator på privatisteksamen. Fylkesrådmannen bestemte våren 2018 at denne ordninga skulle avviklast våren 2019. Utval for opplæring og helse vart orientert om saka 5. juni 2018 og hadde ingen innvendingar. Vestland fylkeskommune held på praksisen som vart etablert i Hordaland våren 2019.

Bakgrunnen for denne endringa var ønske om ei meir rettvis organisering av privatisteksamen. Definisjonen av ein privatist i forskrift til opplæringslova er «ein som har meldt seg til eksamen i eitt eller fleire fag (...) utan å vere elev eller lærling i dette faget eller desse faga.» Privatisteksamen er eit fylkeskommunalt ansvar. Fylkeskommunen må sørge for at alle som melder seg opp til eksamen får mest mogleg like vilkår.

Privatistar vel sjølve korleis dei vil førebu seg til eksamen, og sidan det ikkje finst gratis tilbod, er det forståeleg at mange vel å kjøpe private kurs. Fylkeskommunen skal ikkje arrangere privatisteksamen på ein måte som skaper inntrykk av at det er naudsynt å kjøpe private kurs for å få ein god karakter.

Det er svært ressurskrevjande administrere privatistordninga om ein skal ta omsyn til at nokre privatistar har gått på kurs og andre ikkje. Eksamenskontoret i Hordaland anslo at planlegginga av munnleg eksamen tok 5-6 gongar lenger tid når ein tok slike individuelle omsyn.

Vestland fylkeskommune nyttar både lærar frå offentleg skular og frå friskular som sensorar på privatisteksamen.

## 2) Produksjonsskulane

Ved kontinuerleg inntak og utskriving heile året, er det totalt 80 plassar gjennom eit skuleår ved produsjonsskulane i Vestland.

Hyssingen produksjonsskole har per i dag 19 ungdommar innskrivne, av totalt 30 plassar ved skulen. Skulen har jamn pågang av søkarar og det er forventa at skulen er fulltalig over jul. I 2022 vil Hyssingen opne eit nytt verkstad som vil auke kapasiteten til 40 ungdommar på skulen.

På Hardanger produksjonsskole er det innskrivne 23 ungdommar, av totalt 32 plassar ved skulen. Talet på plassar er avgrensa av ledige rom på internatet til skulen. Hardanger produksjonsskole har det siste året opplevd større pågang av søkarar enn tilsvarande på Hyssingen, og skulen vil vere fulltalig over jul.

## 3) Digitale læremiddel versus fysiske læremiddel

Det er det ein skilde skule som planlegg undervisninga og bestemmer kva for læremiddel ein vil nytte i dei ulike faga. Avdelingsdirektøren har ikkje oversyn over kva for læremiddel den ein skilde skule har valt å nytte i faga.

Matematikk er eit obligatorisk fag på vg1 for alle utdanningsprogram. På dei studieførebuande utdanningsprogramma er matematikk obligatorisk også på vg2.

Realfaga matematikk, fysikk og kjemi er valfrie programfag på vg2 og vg3 studiespesialiserande utdanningsprogram.

Tabellen under syner mogleg kostnad ved innkjøp av lærebøker. Det er lagt til grunn at det er trong for ei lærebok i faga og at kostnad pr lærebok er om lag kr 500,-

Videre er det tatt utgangspunkt i at årskullet som startar i Vg1 kvart år er om lag 7600. Om lag halvparten av elevane vel eit studieførebuande utdanningstilbod. Det betyr at årskullet på Vg2 studieførebuande er om lag 3600. Talet på elevar som vel realfaga matematikk, kjemi og fysikk på studieførebuande utdanningsprogram er sett til 1000 pr år for matematikk og 500 pr år for fysikk og kjemi.

Vidare er det i tabellen sett på kostnad for anskaffing av for innkjøp av trykte læremiddel.

	Vg1		Vg2		Matematikk		kjemi vg2		Fysikk vg2	
	matematikk	kostnad	matematikk	kostnad	vg og vg3	kostnad	og vg3	kostnad	og vg3	kostnad
100 %	7 600	3 800 000	3 600	1 800 000	2 000	1 000 000	1 000	500 000	1 000	500 000
80 %	6 080	3 040 000	2 900	1 450 000	1 600	800 000	800	400 000	800	400 000
50 %	3 800	1 900 000	1 500	750 000	1 000	500 000	500	250 000	500	250 000
30 %	2 280	1 140 000	500	250 000	600	300 000	300	150 000	300	150 000

Ei lærebok har normalt om lag 5 års levetid slik at etter at førstegongsinvesteringa er gjort vil årleg kostnad vere om lag 1/5 av kostnaden i tabellen.



# Politiske saker

## PS 56/21 Tilpassa opplæring

Framlegg til innstilling

1. Tilpassa opplæring - i Vestland fylkeskommune bygger på desse prinsippa

- alle elevar, lærlingar og lære kandidatatar møter eit inkluderande læringsmiljø
- godt tilpassa opplæringsløp for elevar, lærlingar og lære kandidatatar kvalifiserer til etterspurt kompetanse
- auka læringsutbytte ved bruk av fleire fleksible og ulike relevante opplæringsarenaer
- vurderingspraksis som fremjar læring og utvikling
- byggje ein sterk kultur for kompetansedeling om tilpassa opplæring gjennom utvikling i profesjonsfellesskapet og samhandling mellom rettleiingsteneste, skule og bedrift

2. Fylkesdirektøren skal utarbeide rettleiarar til bruk i sektoren for tilpassa opplæring som er i tråd med framlegg til ny opplæringslov. Rettleiarane skal vere relevant og godt verktøy for skular, rettleiingstenestene og bedrifter/opplæringskontor. Rettleiarane skal utarbeidast i samhandling med sektoren.

3. Fylkesdirektøren følgjer opp arbeidet, utvikling og resultat gjennom system for kvalitetsoppfølging

### Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 16.11.2021

Sonja Øvre-Flo stilte spørsmål om ho var inhabil då ho er saksordførar i saka. Øvre-Flo gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var inhabil. Yrkesopplæringsnemnda vedtok samrøystes at Øvre-Flo var habil etter forvaltningslova § 6.

Øvre-Flo tiltredde møtet.

### Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda

1. Avdelingsdirektøren følgjer opp resultatata i utdanningsprogrammet restaurant- og matfag med mål om at fleire fullfører med fag-/sveinebrev.

2. Bransjen har eit overordna ansvar for eiga rekruttering.

3. Fylkeskommunen skal legge til rette for at tilboda i vidaregåande opplæring i så stor grad som mogeleg møter arbeidslivet sitt behov for kompetanse.

4. Fylkeskommunen skal delta i samarbeid med grunnskular og arbeidslivet slik at kvalitet i rekrutteringsarbeidet kan gi fleire søkarar til restaurant- og matfag.

### **Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 23.11.2021**

**Kristina Vaktskjold Hamre (Krf)** sette på vegner av A, MDG, Sp, SV, V og Krf slikt forslag:

«Tillegg til punkt 2:

Rettleiarane skal leggest fram for politisk nivå som referatsak når desse er ferdig utarbeida.

Nytt punkt 4:

Fylkestinget viser til uttale frå RMNF i saka og utvalet ønskjer ei tilbakemelding på korleis fylkeskommunen arbeider med kvalitetsoppfylging og sikrar at alle elevar får den opplæringa dei har krav på. Denne tilbakemeldinga skal også leggest fram for RMNF.

Nytt punkt 5:

Fylkestinget ber om at det blir lagt fram sak for hovudutval for opplæring og kompetanse med mål om å finne ei god ordning for elevar med stort tilretteleggingsbehov. Ref. Lærekandidat ordning i Viken.»

### **Avrøysting**

Fylkesdirektøren sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteken.

Vaktskjold Hamre sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Tilpassa opplæring - i Vestland fylkeskommune bygger på desse prinsippa

- alle elevar, lærlingar og lærekandidatar møter eit inkluderande læringsmiljø
- godt tilpassa opplæringsløp for elevar, lærlingar og lærekandidatar kvalifiserer til etterspurt kompetanse
- auka læringsutbytte ved bruk av fleire fleksible og ulike relevante opplæringsarenaer
- vurderingspraksis som fremjar læring og utvikling
- byggje ein sterk kultur for kompetansedeling om tilpassa opplæring gjennom utvikling i profesjonsfelleskapet og samhandling mellom rettleiingsteneste, skule og bedrift

2. Fylkesdirektøren skal utarbeide rettleiarar til bruk i sektoren for tilpassa opplæring som er i tråd med framlegg til ny opplæringslov. Rettleiarane skal vere relevant og godt verktøy for skular, rettleiingstenestene og bedrifter/opplæringskontor. Rettleiarane skal utarbeidast i samhandling med sektoren. Rettleiarane skal leggest fram for politisk nivå som referatsak når desse er ferdig utarbeida.

3. Fylkesdirektøren følgjer opp arbeidet, utvikling og resultat gjennom system for kvalitetsoppfølging

4. Fylkestinget viser til uttale frå RMNF i saka og utvalet ønskjer ei tilbakemelding på korleis fylkeskommunen arbeider med kvalitetsoppfylging og sikrar at alle elevar får den opplæringa dei har krav på. Denne tilbakemeldinga skal også leggest fram for RMNF.

5. Fylkestinget ber om at det blir lagt fram sak for hovudutval for opplæring og kompetanse med mål om å finne ei god ordning for elevar med stort tilretteleggingsbehov. Ref. Lærekandidat ordning i Viken.

## PS 57/21 Opplæringstilbudet for skuleåret 2022/23

Forslag til innstilling

1. Tilbudet på bygg- og anleggsteknikk blir endra slik:

Bygg- og anleggsteknikk (BA)						
Inntaksområde	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2020/21	Framlegg til endring	Avdelingsdirektøren si tilråding 2022/23
1	Stord vgs	2	Tømrar	1	0,5	1,5
3	Askøy vgs	2	Tømrar	1	1	2
3	Sotra vgs	1	Bygg- og anleggsteknikk	4	-1	3
3	Sotra vgs	2	Tømrar	1	1	2
4	Austrheim vgs	2	Anleggsteknikk	0	0	3 plassar

2. Tilbudet på elektro og datateknologi blir endra slik:

Elektro og datateknologi (EL)						
Inntaksområde	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2020/21	Framlegg til endring	Avdelingsdirektøren si tilråding 2022/23
3	Askøy vgs	1	Elektro og datateknologi	3	-1	2
3	Fusa vgs	2	Automatisering			4 plassar
3	Slåtthaug vgs	2	Kulde- og ventilasjonsteknikk	0	1	1
7	Flora vgs	2	Elenergi og ekom	1	1	2
8	Eid vgs	2	Datateknologi og elektronikk	1	-1	0

3. Tilbødet i frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign blir endra slik:

Frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign						
Inntaksområde	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2020/21	Framlegg til endring	Avdelingsdirektøren si tilråding 2022/23
8	Eid vgs	1	Frisør, blommar, interiør og eksponeringsdesign,	1	1	2

4. Tilbødet i handverk, design og produktutvikling blir endra slik:

Handverk, design og produktutvikling						
Inntaksområde	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2020/21	Framlegg til endring	Avdelingsdirektøren si tilråding 2022/23
8	Eid vgs	1	Håndverk, design og produktutvikling	0,5	-0,5	0

5. Tilbødet i helse- og oppvekstfag blir endra slik:

Helse- og oppvekstfag (HO)						
Inntaksområde	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2020/21	Framlegg til endring	Avdelingsdirektøren si tilråding 2022/23
2	Fitjar vgs	2	Barne- og ungdomsarbeiderfag	1	1	2
3	Arna vgs	2	Barne- og ungdomsarbeiderfag	0,5	0,5	1
3	Fyllingsdalen vgs	1	Helse- og oppvekstfag	5	-2	3
3	Fyllingsdalen vgs	1	Helse- og oppvekstfag 3-årig med studiekompetanse	0	2	2
3	Sotra vgs	2	Barne- og ungdomsarbeiderfag	1	1	2
3	Årstad vgs	2	Helsearbeidarfag	2	-1	1
4	Årstad vgs	3	Hudpleie	1	1	2

6. Tilbødet i informasjonsteknologi og medieproduksjon blir endra slik:

Informasjonsteknologi og medieproduksjon (IM)						
Inntaksområde	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2020/21	Framlegg til endring	Avdelingsdirektøren si tilråding 2022/23
3	Amalie Skram vgs	1	Informasjonsteknologi og medieproduksjon	3	-1	2
3	Amalie Skram vgs	2	Informasjonsteknologi	1	1	2

7. Tilbødet i naturbruk blir endra slik:

Naturbruk (NA.)						
Inntaksområde	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2020/21	Framlegg til endring	Avdelingsdirektøren si tilråding 2022/23
1	Bømlo vgs	1	Naturbruk	0	1	1
2	Voss vgs	1	Naturbruk med friluftsliv	2	-1	1
2	Voss vgs	2	Landbruk og gartner næring	3	1	4
2	Voss vgs	2	Heste- og dyrefag	0,5	0,5	1
3	Stend vgs	2	Heste- og dyrefag	4	1	5
4	Austrheim vgs	1	Naturbruk	0	1	1

8. Tilbudet i restaurant- og matfag blir endra slik

Restaurant- og matfag (RM)						
Inntaksområde	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2020/21	Framlegg til endring	Avdelingsdirektøren si tilråding 2022/23
2	Voss vgs	2	Matindustri	0	0	3 plassar totalt
2	Voss vgs	2	Bakar og konditor	0	0	
5	Sogndal vgs	1	Restaurant- og matfag	0	1	1
8	Måløy vgs	2	Kokk og servitør	0	1	1

9. Tilbudet i sal, service og reiseliv blir endra slik:

Sal, service og reiseliv (SR)						
Inntaksområde	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2020/21	Framlegg til endring	Avdelingsdirektøren si tilråding 2022/23
3	Sotra vgs	1	Sal, service og reiseliv	2	-1	1

10. Tilbudet i teknologi og industrifag blir endra slik:

Teknologi og industrifag (TP)						
Inntaksområde	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2020/21	Framlegg til endring	Avdelingsdirektøren si tilråding 2022/23
1	Kvinnherad vgs	1	Teknologi og industrifag	3	-1	2
2	Kvam vgs	2	Transport og logistikk	0	1	1

11. Tilbudet i studiespesialisering blir endra slik:

Studiespesialisering						
Inntaksområde	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2020/21	Framlegg til endring	Avdelingsdirektøren si tilråding 2022/23
2	Kvam vgs	1	Studiespesialisering	2	-1	1
5	Sogndal vgs	1	Studiespesialisering	3	-1	2
7	Hafstad vgs	1	Studiespesialisering	5	-1	4

12. Tilbudet i påbygging til generell studiekompetanse blir endra slik:

Påbygging til generell studiekompetanse (PB)						
Inntaksområde	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2020/21	Framlegg til endring	Avdelingsdirektøren si tilråding 2022/23
3	Os vgs	3	Påbygg til gen. stud.komp	2	-1	1
3	Åsane vgs	3	Påbygg til gen. stud.komp	2	-1	1
7	Høyanger vgs	4	Påbygg til gen. stud.komp	utlyst utan klasse- og plasztal		
8	Eid vgs	3	Påbygg til gen. stud.komp	2	-1	1

13. Investeringskostnadane ved oppretting av nye opplæringstilbod vert finansierte innanfor ramma av opplæringstilbodet. Det gjeld:

- Vg1 naturbruk ved Austrheim vgs, kr. 400 000
- Vg2 transport og logistikk ved Kvam vgs, kr. 300 000
- Vg2 vg2 kulde-, varmpumpe og ventilasjonsteknikk ved Slåtthaug vgs, kr. 300 000

14. Endring av inntaksmatrisa

Søkarar frå Tysnes kommune, inntaksområde Sunnhordland, får nærskulepoeng også til dei vidaregåande skulane i Bergen kommune.

### Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 23.11.2021

**Sigurd Erlend Reksnes (Sp)** sette fram på vegner av A, MDG, Sp, SV og Krf slikt forslag:

«Tillegg til innstillinga:

Det vert lyst ut 0,5 gr MK i kombinasjon med 0,5 gr MDD på Stord vgs

Det vert lyst ut 0,5 gr Vg1 idrett i kombinasjon med 0,5 gr vg1 studiespes på Odda vgs.

Endring i punkt 1:

Det blir lyst ut ei gruppe vg2 betong og mur ved Laksevåg og Bergen Maritime vgs

Det blir tatt ned ei gruppe vg2 tømrar på Laksevåg og Bergen Maritime vgs

Endring i punkt 2:

Det vert lyst ut 1 gruppe Vg2 datateknologi og elektronikk på Eid vgs.

Endring i punkt 9:

Det vert lyst ut 1 gr Vg1 sal service og reiseliv på Stryn vgs

Endring i punkt 9:

Det blir lyst ut 1 gr Vg2 Transport og logistikk på Knarvik vgs.

Tillegg til punkt 14:

Elevar frå Samnanger Kommune får også nærskulepoeng til Os gymnas og Os vgs

Nytt punkt 15:

Hovudutval for opplæring og kompetanse viser til at det har kome mange innspel frå ulike aktørar til saka om opplæringstilbodet. Utvalet har i denne omgang vurdert at det er viktigare å få lyst ut eit breitt opplæringstilbod framfor å auke opp tall parallellar. Utvalet vil presisere at det er søkjartala som avgjer kva tilbod som blir sett i gang og kor mange parallellar det evt. vert. Tilbodet som vert sett i gang i justeringssaka skal være innanfor den økonomiske ramma.

Nytt punkt 16:

Hovudutval for opplæring og kompetanse viser til tidlegare vedtak i utvalet, innspel frå y-nemda og vedtak i fylkesting om å redusere den totale kapasiteten på vg3 påbygg, og er tydeleg på at dette framleis er ei politisk målsetting. Utvalet ber avdelingsdirektøren syte for at elevar som søkjer seg til vidaregåande opplæring og rådgjeverane i grunnopplæringa får god informasjon om dette.

Utvalet ber avdelingsdirektøren om å utarbeide ei sak innan september 2022 som inneheld ein plan for korleis ein kan nå målet om auka gjennomføring og fleire ut i lære, og skal vise korleis ein gradvis kan redusere den totale kapasiteten på Vg 3 påbygg. Planen skal innehalde tiltak på kort og lang sikt som skal innarbeidast i den årlege utlysinga av opplæringstilbodet. Utdanningsprogrammet HO er eit av dei utdanningsprogramma som rekrutterar flest til påbygg til generell studiekompetanse. Utvalet ber avdelingsdirektøren vurdere om fleire studiespesialiserande tilbod med helse kan demme opp for dette.

Nytt punkt 17:

Hovudutval for opplæring og kompetanse ber avdelingsdirektøren syte for at elevar som vil bli vurdert som spissa toppidrettsutøver får moglegheit til det via VIGO (jamf Sogn og Fjordane).

Nytt punkt 18:

Hovudutval for opplæring og kompetanse viser til at kapasiteten på vg2 anleggsteknikk bør utvidast. Utvalet ber avdelingsdirektøren gå i dialog med skulane og bransjen for å vurdere om det er mogleg å utvide kapasiteten fram mot justeringssaka anten ved Sogndal vgs, Mo og Øyrane vgs eller OS vgs. Utvalet ber også om at avdelingsdirektøren fram mot neste utlysing vurdere ei trinnvis utviding av kapasiteten i tråd med innspel frå bransjen.

Nytt punkt 19:

Hovudutval for opplæring og kompetanse viser til uttalen frå y-nemda som peikar på eit kritisk behov for fleire faglærte innanfor ISO-faga. Behovet er spesielt kritisk i Sunnhordaland. Utvalet ber avdelingsdirektøren komme tilbake med ei sak med vurderingar om å få til eit søkbart tilbod anten som heil gruppe eller som ei kombinasjongruppe ved Stord vgs.

Nytt punkt 20:

Hovudutval for opplæring og kompetanse viser til PS 52/21 om prognoseinntaket - konsekvensar for nærskuleområdet Stor-Bergen og at det er kapasitetsutfordringar på yrkesfaglege tilbod på skulane i stor-Bergen. Det er også vist til ein elevtalsauke kommande skuleår. Utvalet er oppteke av at kapasiteten i Bergen skal være tilstrekkeleg for å unngå vidaresending av elevar ut av inntaksområdet og ber avdelingsdirektøren greie ut ulike alternativ for å auke kapasiteten på yrkesfag.

Nytt punkt 21:

Hovudutval for opplæring og kompetanse viser til Gloppen modellen som er eit tett og forpliktande samarbeid mellom kommune, fylkeskommune og NAV og ber om at dette vert modellen for korleis samhandlinga innan vidaregåande opplæring for vaksne skal vere i heile Vestland.»

**Rosalind Fosse (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Bømlo:

Det lyses ut påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse i kombinasjon med Vg3 påbygging til generell studiekompetanse

Pilotprosjekt:

Pilotprosjekt med Sogndal, Årdal og Høyanger vedr. samarbeid med påbygg gjøres søkbart på alle de 3 skolene

«Åsane VG:

Det vurderes om mulighet for økt leieareal for idrettsfag og kroppsøving i Arena Nord for Åsane VG. for å sikre god nok kapasitet.»

**Sonja Merethe Øvre-Flo (H)** sette fram slikt forslag:

«Sak innan helsefag skuleåret 2023/24

OPPKO ber om ei sak kring alternative tilbod innan helsefag for skuleåret 2023/24»

**Jeanette Onarheim Syversen (R)** sette fram slikt forslag:

«Yrkesfag og påbygg

- det må gjøres attraktivt å søke seg mot fagbrev, ved at søkere informeres bedre om mulighetene for læreplass og jobb etter fagbrev.

- For de skolene som ønsker det og der det er tilstrekkelig søkergrunnlag, skal påbygg utlyses.

- TAF-modell innen til dømes Helsefag, må vurderes som alternativ til påbygg.»

### Avrøysting

Avdelingsdirektør sitt forslag med endringa til Reksnes (2 øvste linene i forslaget hans) vart samrøystes vedteke

Reksnes sitt forslag vart samrøystes vedteke (minus 2 øvste linene)

Fosse sitt forslag (Bømlo) fekk 5 røyster (H, Frp, R) og falt.

Fosse sitt forslag (Pilotprosjekt) fekk 5 røyster (H, Frp, R) og falt.

Fosse sitt forslag (Åsane vgs) vart samrøystes vedteke.

Øvre-Flo sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Onarheim Syversen sitt forslag fekk 5 røyster (H, Frp, R) og falt.

### Vedtak

1. Tilbudet på bygg- og anleggsteknikk blir endra slik:

Bygg- og anleggsteknikk (BA)						
Inntaks-område	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2020/21	Framlegg til endring	Hovudutval for opplæring og kompetanse sitt vedtak for 2022/23
1	Stord vgs	2	Tømrer	1	0,5	1,5
3	Askøy vgs	2	Tømrar	1	1	2
3	Laksevåg og Bergen maritime vgs	2	Betong og mur	0	1	1
3	Laksevåg og Bergen maritime vgs	2	Tømrar	2	-1	1
3	Sotra vgs	1	Bygg- og anleggsteknikk	4	-1	3
3	Sotra vgs	2	Tømrer	1	1	2
4	Austrheim vgs	2	Anleggsteknikk	0	0	inntil 3 plassar

2. Tilbudet på elektro og datateknologi blir endra slik:

Elektro og datateknologi (EL)						
-------------------------------	--	--	--	--	--	--



Inntaks-område	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2020/21	Framlegg til endring	Hovudutval for opplæring og kompetanse sitt vedtak for 2022/23
3	Askøy vgs	1	Elektro og datateknologi	3	-1	2
3	Fusa vgs	2	Automatisering			4 plassar
3	Slåtthaug vgs	2	Kulde- og ventilasjonsteknikk	0	1	1
7	Flora vgs	2	Elenergi og ekom	1	1	2

3. Tilbodet i frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign blir endra slik:

Frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign						
Inntaks-område	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2020/21	Framlegg til endring	Hovudutval for opplæring og kompetanse sitt vedtak for 2022/23
8	Eid vgs	1	Frisør, blommar, interiør og eksponeringsdesign,	1	1	2

4. Tilbodet i handverk, design og produktutvikling blir endra slik:

Handverk, design og produktutvikling						
Inntaks-område	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2020/21	Framlegg til endring	Hovudutval for opplæring og kompetanse sitt vedtak for 2022/23
8	Eid vgs	1	Håndverk, design og produktutvikling	0,5	-0,5	0

5. Tilbodet i helse- og oppvekstfag blir endra slik:

Helse- og oppvekstfag (HO)						
Inntaks-område	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2020/21	Framlegg til endring	Hovudutval for opplæring og kompetanse sitt vedtak for 2022/23
2	Fitjar vgs	2	Barne- og ungdomsarbeiderfag	1	1	2
3	Arna vgs	2	Barne- og ungdomsarbeiderfag	0,5	0,5	1
3	Fyllingsdalen vgs	1	Helse- og oppvekstfag	5	-2	3
3	Fyllingsdalen vgs	1	Helse- og oppvekstfag 3-årig med studiespesialisering	0	2	2
3	Sotra vgs	2	Barne- og ungdomsarbeiderfag	1	1	2
3	Årstad vgs	2	Helsearbeidarfag	2	-1	1
4	Årstad vgs	3	Hudpleie	1	1	2

6. Tilbodet i informasjonsteknologi og medieproduksjon blir endra slik:

Informasjonsteknologi og medieproduksjon (IM)						
Inntaks-område	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2020/21	Framlegg til endring	Hovudutval for opplæring og kompetanse sitt vedtak for 2022/23

3	Amalie Skram vgs	1	Informasjonsteknologi og medieproduksjon	3	-1	2
3	Amalie Skram vgs	2	Informasjonsteknologi	1	1	2

7. Tilbudet i naturbruk blir endra slik:

Naturbruk (NA.)						
Inntaks-område	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2020/21	Framlegg til endring	Hovudutval for opplæring og kompetanse sitt vedtak for 2022/23
1	Bømlo vgs	1	Naturbruk	0	1	1
2	Voss vgs	1	Naturbruk med friluftsliv	2	-1	1
2	Voss vgs	2	Landbruk og gartneri	3	1	4
2	Voss vgs	2	Heste- og dyrefag	0,5	0,5	1
3	Stend vgs	2	Heste- og dyrefag	4	1	5
4	Austrheim vgs	1	Naturbruk	0	1	1

8. Tilbudet i restaurant- og matfag blir endra slik

Restaurant- og matfag (RM)						
Inntaks-område	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2020/21	Framlegg til endring	Hovudutval for opplæring og kompetanse sitt vedtak for 2022/23
2	Voss vgs	2	Matindustri	0	0	5 plassar totalt
2	Voss vgs	2	Bakar og konditor	0	0	
5	Sogndal vgs	1	Restaurant- og matfag	0	1	1
8	Måløy vgs	2	Kokk og servitør	0	1	1

9. Tilbudet i sal, service og reiseliv blir endra slik:

Sal, service og reiseliv (SR)						
Inntaks-område	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2020/21	Framlegg til endring	Hovudutval for opplæring og kompetanse sitt vedtak for 2022/23
3	Sotra vgs	1	Sal, service og reiseliv	2	-1	1
8	Stryn vgs	1	Sal, service og reiseliv	0	1	1

10. Tilbudet i teknologi og industrifag blir endra slik:

Teknologi og industrifag (TP)						
Inntaks-område	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2020/21	Framlegg til endring	Hovudutval for opplæring og kompetanse sitt vedtak for 2022/23
1	Kvinnherad vgs	1	Teknologi og industrifag	3	-1	2
2	Kvam vgs	2	Transport og logistikk	0	1	1
4	Knarvik vgs	2	Transport og logistikk	0	1	1

11. Tilbudet i studiespesialisering blir endra slik:

Studiespesialisering						
----------------------	--	--	--	--	--	--

Inntaks- område	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2020/21	Framlegg til endring	Hovudutval for opplæring og kompetanse sitt vedtak for 2022/23
2	Kvam vgs	1	Studiespesialisering	2	-1	1
2	Odda vgs	1	Studiespesialisering	1	-0,5	0,5
5	Sogndal vgs	1	Studiespesialisering	3	-1	2
7	Hafstad vgs	1	Studiespesialisering	5	-1	4

12. Tilbodet i påbygging til generell studiekompetanse blir endra slik:

Påbygging til generell studiekompetanse (PB)						
Inntaks- område	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2020/21	Framlegg til endring	Hovudutval for opplæring og kompetanse sitt vedtak for 2022/23
3	Os vgs	3	Påbygg til gen. stud.komp	2	-1	1
3	Åsane vgs	3	Påbygg til gen. stud.komp	2	-1	1
7	Høyanger vgs	4	Påbygg til gen. stud.komp	utlyst utan klasse- og plasstal		
8	Eid vgs	3	Påbygg til gen. stud.komp	2	-1	1

13. Tilbudet i media og kommunikasjon vert endra slik:

Medium og kommunikasjon (ME)						
Inntaks-område	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2020/21	Framlegg til endring	Hovudutval for opplæring og kompetanse sitt vedtak for 2022/23
1	Stord vgs	1	Medier og kommunikasjon	0	0,5	0,5
3	Nordahl Grieg vgs	3	Medier og kommunikasjon	2	-1	1
5	Sogndal vgs	2	Medier og kommunikasjon	0,5	-0,5	0

14. Tilbudet i musikk, dans og drama vart endra slik:

Musikk, dans og drama (MD)						
Inntaks-område	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2020/21	Framlegg til endring	Hovudutval for opplæring og kompetanse sitt vedtak for 2022/23
1	Stord vgs	1	Musikk, dans og drama	1	-0,5	0,5

15. Tilbudet i idrettsfag vert endra slik:

Idrettsfag (ID)						
Inntaks-område	Skule	Nivå	Utd.program/ programområde	Klassetal 2020/21	Framlegg til endring	Hovudutval for opplæring og kompetanse sitt vedtak for 2022/23
2	Odda vgs	1	Idrettsfag	0	0,5	0,5

16. Investeringskostnadane ved oppretting av nye opplæringstilbod vert finansierte innanfor ramma av opplæringstilbodet. Det gjeld:

- Vg1 naturbruk ved Austrheim vgs, kr. 400 000
- Vg2 transport og logistikk ved Kvam vgs, kr. 300 000
- Vg2 vg2 kulde-, varmepumpe og ventilasjonsteknikk ved Slåtthaug vgs, kr. 300 000

17. Hovudutval for opplæring og kompetanse viser til at det har kome mange innspel frå ulike aktørar til saka om opplæringstilbodet. Utvalet har i denne omgang vurdert at det er viktigare å få lyst ut eit breitt opplæringstilbod framfor å auke opp tall parallellar. Utvalet vil presisere at det er søkjartala som avgjer kva tilbod som blir sett i gang og kor mange parallellar det evt. vert. Tilbodet som vert sett i gang i justeringssaka skal være innanfor den økonomiske ramma.

18. Hovudutval for opplæring og kompetanse viser til tidlegare vedtak i utvalet, innspel frå y-nemnda og vedtak i fylkesting om å redusere den totale kapasiteten på vg3 påbygg, og er tydeleg på at dette framleis er ei politisk målsetting. Utvalet ber avdelingsdirektøren syte for at elevar som søker seg til vidaregåande opplæring og rådgjevarane i grunnopplæringa får god informasjon om dette.

Utvalet ber avdelingsdirektøren om å utarbeide ei sak innan september 2022 som inneheld ein plan for korleis ein kan nå målet om auka gjennomføring og fleire ut i lære, og skal vise korleis ein gradvis kan redusere den totale kapasiteten på Vg 3 påbygg. Planen skal innehalde tiltak på kort og lang sikt som skal innarbeidast i den årlege utlysinga av opplæringstilbodet. Utdanningsprogrammet HO er eit av dei utdanningsprogramma som rekrutterer flest til påbygg til generell studiekompetanse. Utvalet ber avdelingsdirektøren vurdere om fleire studiespesialiserande tilbod med helse kan demme opp for dette.

19. Hovudutval for opplæring og kompetanse ber avdelingsdirektøren syte for at elevar som vil bli vurdert som spissa toppidrettsutøvar får moglegheit til det via VIGO (jf. Sogn og Fjordane).
20. Hovudutval for opplæring og kompetanse viser til at kapasiteten på vg2 anleggsteknikk bør utvidast. Utvalet ber avdelingsdirektøren gå i dialog med skulane og bransjen for å vurdere om det er mogleg å utvide kapasiteten fram mot justeringssaka anten ved Sogndal vgs, Mo og Øyrane vgs eller OS vgs. Utvalet ber også om at avdelingsdirektøren fram mot neste utlysning vurdere ei trinnvis utviding av kapasiteten i tråd med innspel frå bransjen.
21. Hovudutval for opplæring og kompetanse viser til uttalen frå y-nemnda som peikar på eit kritisk behov for fleire faglærte innanfor ISO-faga. Behovet er spesielt kritisk i Sunnhordaland. Utvalet ber avdelingsdirektøren komme tilbake med ei sak med vurderingar om å få til eit søkbart tilbod anten som heil gruppe eller som ei kombinasjongruppe ved Stord vgs.
22. Hovudutval for opplæring og kompetanse viser til PS 52/21 om prognoseinntaket - konsekvensar for nærskuleområdet Stor-Bergen og at det er kapasitetsutfordringar på yrkesfaglege tilbod på skulane i stor-Bergen. Det er også vist til ein elevtalsauke kommande skuleår. Utvalet er oppteke av at kapasiteten i Bergen skal være tilstrekkeleg for å unngå vidareending av elevar ut av inntaksområdet og ber avdelingsdirektøren greie ut ulike alternativ for å auke kapasiteten på yrkesfag.
23. Hovudutval for opplæring og kompetanse viser til Gloppen-modellen som er eit tett og forpliktande samarbeid mellom kommune, fylkeskommune og NAV og ber om at dette vert modellen for korleis samhandlinga innan vidaregåande opplæring for vaksne skal vere i heile Vestland
24. Det vurderast om moglegheit for økt leigeareal for idrettsfag og kroppsøving i Arena Nord for Åsane VGS. for å sikre god nok kapasitet
25. Hovudutval for opplæring og kompetanse ber om ei sak kring alternative tilbod innan helsefag for skuleåret 2023/24
26. Endring av inntaksmatrisa

Søkarar frå Tysnes kommune, inntaksområde Sunnhordland, får nærskulepoeng også til dei vidaregåande skulane i Bergen kommune. Søkarar frå Samnanger kommune får nærskulepoeng også til Os vgs og Os gymnas

## **PS 58/21 Høyring - ny opplæringslov**

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet for Vestland fylkeskommune vedtek høyringssvaret på NOU 2019:23 «Ny opplæringslov», slik det kjem fram av saksutgreiinga
2. Fylkesdirektøren tilrår at departementet i lag med fylkeskommunane arbeider vidare med kriteria for fylkeskommunale rammetilskot, slik at tilskota er i tråd med målsetjingane i fullføringsreforma.

**Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 16.11.2021**

Roger Pilskog, LO, sette fram slikt tilleggsforslag:

«Yrkesopplæringsnemnda meiner eit grunnleggjande prinsipp i fagopplæringa er at lærebedrifta skal ha eigen kompetanse og produksjon i lærefaget. Opplæringsansvaret må ligge i lærebedrifta fordi det er der produksjon og opplæring skjer.

Nemnda kan difor ikkje støtta fylkesdirektørens tilråding om å kunne godkjenne opplæringskontor som lærebedrifter.

Yrkesopplæringsnemnda meiner likevel at lærebedriftene har nytteverdi av å vere med i eit opplæringskontor, og at det er ei stor føremon for lærebedriftene å vere medlem i eit opplæringskontor. Sjølv om mykje godt arbeid vert gjort frå opplæringskontora, er det slik at medlemskap ikkje er eit lovkrav, og elles er det heller ikkje på nokon måte regulert korleis ansvar for lærlingen si opplæring skal vere avtalt mellom lærebedrift og opplæringskontor. Eit tydeligere skille og avklaring av roller og ansvar mellom lærebedrift, opplæringskontor og fylkeskommunen vil vera ei føremon.

Nemnda ser difor behov for betre harmonisering av regelverket, og meiner at det vil vere positivt å regulere forhold mellom lærebedrift, opplæringskontor og fylkeskommuna i ei forskrift.

Nemnda meiner og at i ei slik forskrift må det leggjast inn at styret i eit opplæringskontor skal ha representasjon frå arbeidstakersida, når deira organisasjonar ber om det, som uttalt i vedtak i Yrkesopplæringsnemndas møte 26.mai 2020.»

## **Avrøysting**

Pilskog sitt tilleggsforslag vart samrøystes vedteke.

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

## **Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda**

1. Fylkesutvalet for Vestland fylkeskommune vedtek høyringssvaret på NOU 2019:23 «Ny opplæringslov», slik det kjem fram av saksutgreiinga
2. Fylkesdirektøren tilrår at departementet i lag med fylkeskommunane arbeider vidare med kriteria for fylkeskommunale rammetilskot, slik at tilskota er i tråd med målsetjingane i fullføringsreforma.
3. Yrkesopplæringsnemnda meiner eit grunnleggjande prinsipp i fagopplæringa er at lærebedrifta skal ha eigen kompetanse og produksjon i lærefaget. Opplæringsansvaret må ligge i lærebedrifta fordi det er der produksjon og opplæring skjer.

Nemnda kan difor ikkje støtta fylkesdirektørens tilråding om å kunne godkjenne opplæringskontor som lærebedrifter.

Yrkesopplæringsnemnda meiner likevel at lærebedriftene har nytteverdi av å vere med i eit opplæringskontor, og at det er ei stor føremon for lærebedriftene å vere medlem i eit opplæringskontor. Sjølv om mykje godt arbeid vert gjort frå opplæringskontora, er det slik at medlemskap ikkje er eit lovkrav, og elles er det heller ikkje på nokon måte regulert korleis ansvar for lærlingen si opplæring skal vere avtalt mellom lærebedrift og opplæringskontor. Eit tydeligere skille og avklaring av roller og ansvar mellom lærebedrift, opplæringskontor og fylkeskommunen vil vera ei føremon.

Nemnda ser difor behov for betre harmonisering av regelverket, og meiner at det vil vere positivt å regulere forhold mellom lærebedrift, opplæringskontor og fylkeskommuna i ei forskrift.

Nemnda meiner og at i ei slik forskrift må det leggast inn at styret i eit opplæringskontor skal ha representasjon frå arbeidstakersida, når deira organisasjonar ber om det, som uttalt i vedtak i Yrkesopplæringsnemndas møte 26.mai 2020.

### **Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 23.11.2021**

**Nina Bognøy (A)** reiste spørsmål kring eiga habilitet, da ho er styremedlem i Opplæringskontoret Nordhordland. Utvalet vedtok samrøystes at Bognøy var habil til å delta i saksbehandlinga.

**Alexander Fosse Andersen (Sp)** sette på vegner av A, MDG, Sp, SV og KrF fram slikt forslag:

«Nytt punkt 3:

Fylkesutvalet vedtek tillegga til høyringssvaret på NOU 2019:23 under. Tillegga til lovteksten er markerte med understreking:

#### **Merknad til § 7-2 Inngåing og endring av kontrakt om læretid:**

Dei som skal ha læretid i bedrift, skal skrive kontrakt om læretid med ei eller fleire lærebedrifter. Dersom kontrakten oppfyller krava, skal han godkjennast av fylkeskommunen. Kontrakten kan berre endrast etter samtykke frå fylkeskommunen.

Fylkeskommunen skal ha skjema på bokmål og nynorsk for inngåing av kontrakt om læretid. Dei som skal ha læretid i bedrift, vel sjølve om dei vil bruke kontraktskjema på bokmål eller nynorsk.

Kontrakten skal vere inngått før opplæringa i lærebedrifta tek til. Kontrakten gjeld frå den tida opplæringa tek til, sjølv om godkjenninga kjem seinare.

Det skal stå i kontrakten kva som er målet for opplæringa, og kven som har ansvaret for dei ulike delane av opplæringa. Kontrakten skal vise til den eller dei arbeidsavtalane som er inngått.

Departementet kan gi forskrift om kva form og innhald kontrakten skal ha, og om endring av kontrakten.

#### **Framlegg om § 8-4**

Språkbruk i fag- og yrkesopplæringsorgana

Dei organa som er nemnde i §§ 8-1, 8-2 og 8-3, skal kommunisere i tråd med reglane om språkbruk i lova her og i lov om språk (språklova).

### **Merknad til § 15-2 Hovudmål på kvar skole**

Kommunen og fylkeskommunen skal gi forskrift om kva skriftspråk som skal vere hovudmålet på kvar skole, bokmål eller nynorsk. Kommunen og fylkeskommunen skal bruke hovudmålet ved skolen i offentleg kommunikasjon med skolen. Skolen skal bruke hovudmålet i den skriftlege opplæringa, og i den skriftlege kommunikasjonen med elevane og foreldra og elles i den administrative kommunikasjonen. om skulen, og ved skolen. Opplysningar om skolen og om bruken av bygningane, anlegga og utstyret på skoleområdet, skal vere på hovudmålet ved skolen.

Ei offentleg, ideell eller privat verksemd som jamleg tar del i opplæringa, skal bruke og tilby teksttilfang som er på hovudmålet ved skolen eller på hovudmålet til elevane på 1. til 10. trinn i grunnskoleopplæringa, jf. § 3-1. Elevane, lærarane eller foreldra kan klage dersom skolen, kommunen eller fylkeskommunen lar ei verksemd som ikkje brukar eller tilbyr teksttilfang etter reglane her, ta del i opplæringa. Reglane gjeld ikkje for opplæring i bedrift, jf. kapittel 7.

I samband med skifte av hovudmål på ein grunnskole eller når eit fleirtal i kommunestyret eller minst 1/4 av dei røysteføre i kommunen krev det, skal det haldast rådgivande røysting. Alle som bur i skolekrinsen, jf. § 3-6, og har røysterett etter valgloven § 2-2, har røysterett i saker om skifte av hovudmål. Alle foreldra til barn på barnesteget ved skolen har røysterett i slike saker, utan omsyn til bustad eller statsborgarskap. Departementet kan gi nærmare forskrifter.

### **Merknad til § 29-2 Statleg tilsyn**

Statsforvaltaren kan skal føre tilsyn med at kommunane og fylkeskommunane oppfyller kommunepliktene som følgjer av lova eller forskrift med heimel i lova, og plikta til å ha internkontroll etter kommuneloven § 25-1. Reglane i kommuneloven kapittel 30 gjeld for tilsynsverksemda.

Departementet kan føre tilsyn med at andre plikter etter lova og med heimel i lova blir oppfylte. Reglane i kommuneloven §§ 30-3 og 30-4 gjeld for tilsynsverksemda.

### **Merknad til § 6-3 elevar med høyrseleshemming**

Fylkesutvalet meiner at alle elevar med nedsett høyrsele skal ha rett på opplæring i teiknspråk utan sakkunnig vurdering, jamfør §7 i språklova: Norsk teiknspråk er det nasjonale teiknspråket i Noreg. Som språkleg og kulturelt uttrykk er norsk teiknspråk likeverdig med norsk.»

### **Merknad Om felles retningsliner for inntak**

Fylkesutvalet meiner at det ny opplæringslov og friskulelov vert arbeidd inn at det skal vere felles retningsliner for inntak til dei offentlege og dei private vidaregåande skulane.»

### **Avrøysting**

Fylkesdirektøren sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.  
Fosse Andersen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet for Vestland fylkeskommune vedtek høyringssvaret på NOU 2019:23 «Ny opplæringslov», slik det kjem fram av saksutgreiinga
2. Fylkesdirektøren tilrår at departementet i lag med fylkeskommunane arbeider vidare med kriteria for fylkeskommunale rammetilskot, slik at tilskota er i tråd med målsetjingane i fullføringsreforma.



3. Fylkesutvalet vedtek tillegga til høyringssvaret på NOU 2019:23 under. Tillegga til lovteksten er markerte med understreking:

#### **Merknad til § 7-2 Inngåing og endring av kontrakt om læretid:**

Dei som skal ha læretid i bedrift, skal skrive kontrakt om læretid med ei eller fleire lærebedrifter. Dersom kontrakten oppfyller krava, skal han godkjennast av fylkeskommunen. Kontrakten kan berre endrast etter samtykke frå fylkeskommunen.

Fylkeskommunen skal ha skjema på bokmål og nynorsk for inngåing av kontrakt om læretid. Dei som skal ha læretid i bedrift, vel sjølve om dei vil bruke kontraktskjema på bokmål eller nynorsk.

Kontrakten skal vere inngått før opplæringa i lærebedrifta tek til. Kontrakten gjeld frå den tida opplæringa tek til, sjølv om godkjenninga kjem seinare.

Det skal stå i kontrakten kva som er målet for opplæringa, og kven som har ansvaret for dei ulike delane av opplæringa. Kontrakten skal vise til den eller dei arbeidsavtalane som er inngått.

Departementet kan gi forskrift om kva form og innhald kontrakten skal ha, og om endring av kontrakten.

#### **Framlegg om § 8-4**

Språkbruk i fag- og yrkesopplæringsorgana

Dei organa som er nemnde i §§ 8-1, 8-2 og 8-3, skal kommunisere i tråd med reglane om språkbruk i lova her og i lov om språk (språklova).

#### **Merknad til § 15-2 Hovudmål på kvar skole**

Kommunen og fylkeskommunen skal gi forskrift om kva skriftspråk som skal vere hovudmålet på kvar skole, bokmål eller nynorsk. Kommunen og fylkeskommunen skal bruke hovudmålet ved skolen i offentlig kommunikasjon med skolen. Skolen skal bruke hovudmålet i den skriftlege opplæringa, og i den skriftlege kommunikasjonen med elevane og foreldra og elles i den administrative kommunikasjonen. om skulen og ved skolen. Opplysningar om skolen og om bruken av bygningane, anlegga og utstyret på skoleområdet, skal vere på hovudmålet ved skolen.

Ei offentlig, ideell eller privat verksemd som jamleg tar del i opplæringa, skal bruke og tilby teksttilfang som er på hovudmålet ved skolen eller på hovudmålet til elevane på 1. til 10. trinn i grunnskoleopplæringa, jf. § 3-1. Elevane, lærarane eller foreldra kan klage dersom skolen, kommunen eller fylkeskommunen lar ei verksemd som ikkje brukar eller tilbyr teksttilfang etter reglane her, ta del i opplæringa. Reglane gjeld ikkje for opplæring i bedrift, jf. kapittel 7.

I samband med skifte av hovudmål på ein grunnskole eller når eit fleirtal i kommunestyret eller minst 1/4 av dei røysteføre i kommunen krev det, skal det haldast rådgivande røysting. Alle som bur i skolekrinsen, jf. § 3-6, og har røysterett etter valgloven § 2-2, har røysterett i saker om skifte av hovudmål. Alle foreldra til barn på barnesteget ved skolen har røysterett i slike saker, utan omsyn til bustad eller statsborgarskap. Departementet kan gi nærmare forskrifter.

#### **Merknad til § 29-2 Statleg tilsyn**

Statsforvaltaren kan skal føre tilsyn med at kommunane og fylkeskommunane oppfyller kommunepliktene som følgjer av lova eller forskrift med heimel i lova, og plikta til å ha internkontroll etter kommuneloven § 25-1. Reglane i kommuneloven kapittel 30 gjeld for tilsynsverksemda.

Departementet kan føre tilsyn med at andre plikter etter lova og med heimel i lova blir oppfylte. Reglane i kommuneloven §§ 30-3 og 30-4 gjeld for tilsynsverksemda.

#### **Merknad til**

#### **§ 6-3 elevar med høyrselshemming**

Fylkesutvalet meiner at alle elevar med nedsett høyrsel skal ha rett på opplæring i teiknspråk utan

sakkunnig vurdering, jmfør §7 i språklova: Norsk teiknspråk er det nasjonale teiknspråket i Noreg. Som språkleg og kulturelt uttrykk er norsk teiknspråk likeverdig med norsk.»

### **Merknad**

#### **Om felles retningslinjer for inntak**

Fylkesutvalet meiner at det ny opplæringslov og friskulelov vert arbeidd inn at det skal vere felles retningslinjer for inntak til dei offentlege og dei private vidaregåande skulane.

## **PS 59/21 Utdanningsprogrammet Restaurant- og matfag**

Forslag til innstilling

1. Avdelingsdirektøren følger opp resultata i utdanningsprogrammet restaurant- og matfag med mål om at fleire fullfører med fag-/sveinebrev.
2. Bransjen har eit overordna ansvar for eiga rekruttering.
3. Fylkeskommunen skal legge til rette for at tilboda i vidaregåande opplæring i så stor grad som mogeleg møter arbeidslivet sitt behov for kompetanse.
4. Fylkeskommunen skal delta i samarbeid med grunnskular og arbeidslivet slik at kvalitet i rekrutteringsarbeidet kan gi fleire søkarar til restaurant- og matfag.

### **Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 16.11.2021**

#### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

#### **Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda**

1. Avdelingsdirektøren følger opp resultata i utdanningsprogrammet restaurant- og matfag med mål om at fleire fullfører med fag-/sveinebrev.
2. Bransjen har eit overordna ansvar for eiga rekruttering.
3. Fylkeskommunen skal legge til rette for at tilboda i vidaregåande opplæring i så stor grad som mogeleg møter arbeidslivet sitt behov for kompetanse.
4. Fylkeskommunen skal delta i samarbeid med grunnskular og arbeidslivet slik at kvalitet i rekrutteringsarbeidet kan gi fleire søkarar til restaurant- og matfag.

## Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 23.11.2021

Alexander Fosse Andersen (Sp) sette på vegner av A, MDG, Sp, SV og KRF fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Hovudutval for opplæring og kompetanse meiner auka rekruttering til restaurant- og matfag er viktig for å møte kompetansebehov i regionalt arbeidsliv og støtte opp om Vestland som matfylke.
2. Bransjen har eit overordna ansvar for eiga rekruttering, men fylkeskommunen skal delta aktivt i samarbeid med grunnskular og arbeidslivet slik at kvalitet i rekrutteringsarbeidet kan gi fleire søkarar til restaurant- og matfag.
3. Fylkeskommunen skal leggje til rette for at tilboda i vidaregåande opplæring i så stor grad som mogleg møter arbeidslivet sitt behov for kompetanse. Fleksibilitet i organiseringa av opplæringa som til dømes «Strynmodellen» og samhandling mellom vaksenopplæring og ordinær vidaregåande opplæring er døme på tiltak som kan sikre stabile tilbod i distrikta og bidra til auka rekruttering.
4. Avdelingsdirektøren følgjer opp resultatane i utdanningsprogrammet restaurant- og matfag med mål om at fleire fullfører med fag-/sveinebrev.»

### Avrøysting

Avdelingsdirektør sitt forslag fekk ingen røyster og fall.  
Fosse Andersen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Hovudutval for opplæring og kompetanse meiner auka rekruttering til restaurant- og matfag er viktig for å møte kompetansebehov i regionalt arbeidsliv og støtte opp om Vestland som matfylke.
2. Bransjen har eit overordna ansvar for eiga rekruttering, men fylkeskommunen skal delta aktivt i samarbeid med grunnskular og arbeidslivet slik at kvalitet i rekrutteringsarbeidet kan gi fleire søkarar til restaurant- og matfag.
3. Fylkeskommunen skal leggje til rette for at tilboda i vidaregåande opplæring i så stor grad som mogleg møter arbeidslivet sitt behov for kompetanse. Fleksibilitet i organiseringa av opplæringa som til dømes «Strynmodellen» og samhandling mellom vaksenopplæring og ordinær vidaregåande opplæring er døme på tiltak som kan sikre stabile tilbod i distrikta og bidra til auka rekruttering.
4. Avdelingsdirektøren følgjer opp resultatane i utdanningsprogrammet restaurant- og matfag med mål om at fleire fullfører med fag-/sveinebrev

## PS 60/21 Kvalitetsmelding for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune - Del 1 og 2

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek til vitande Kvalitetsmelding for vidaregåande opplæring for Vestland fylkeskommune, del 1 og 2.

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 16.11.2021

## **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

## **Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda**

Fylkestinget tek til vitande Kvalitetsmelding for vidaregåande opplæring for Vestland fylkeskommune, del 1 og 2.

## **Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 23.11.2021**

### **Avrøysting**

Fylkesdirektøren sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkestinget tek til vitande Kvalitetsmelding for vidaregåande opplæring for Vestland fylkeskommune, del 1 og 2.

## **PS 61/21 Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune 2021 - 2024**

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune 2021 - 2024 slik det kjem fram i saka.
2. Føremålet med planen er å styrke betydninga av velfungerande skulebibliotek som pedagogisk ressurs og gi elevar, lærlingar og tilsette i Vestland eit likeverdig bibliotektilbod.
3. Fylkestinget gir fylkesdirektøren fullmakt til å organisere gjennomføring av planen.
4. Fylkestinget ber fylkesdirektøren om rapportering om framdrift i planarbeidet.

## **Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 23.11.2021**

### **Avrøysting**

Fylkesdirektøren sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkestinget vedtek Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune 2021 - 2024 slik det kjem fram i saka.
2. Føremålet med planen er å styrke betydninga av velfungerande skulebibliotek som pedagogisk ressurs og gi elevar, lærlingar og tilsette i Vestland eit likeverdig bibliotektilbod.
3. Fylkestinget gir fylkesdirektøren fullmakt til å organisere gjennomføring av planen.
4. Fylkestinget ber fylkesdirektøren om rapportering om framdrift i planarbeidet.

## **PS 62/21 Handlingsprogram til temaplan Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring**

Forslag til innstilling

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtek temaplan fornye og forbetre sitt tilhøyrande handlingsprogram

### **Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 16.11.2021**

#### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

#### **Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda**

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtek temaplan fornye og forbetre sitt tilhøyrande handlingsprogram.

### **Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 23.11.2021**

**Åsmund Berthelsen (SV)** sette på vegner av A, MDG, Sp, SV og Krf slikt forslag:

«Tillegg:

Fylkestinget vedtok i desember 2020 at temaplanen Fornye og forbetre -Auka gjennomføring skulle vere eit styringsdokument og vere grunnlag for prioriteringar i sektoren. Vidare at det skulle utarbeidast eit tilhøyrande handlingsprogram der tiltak og prosessar var tidfesta og kostnadsrekna.

Då hovudutvalet handsama sak PS 41/2021 HU OPPKO Budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025 - arbeidsdokument 3/21 den 8.9.2021 peika utvalet mellom på at «Mål og strategidokumentet «Fornye og Forbetre - auka gjennomføring» og kvalitetsmeldinga må danne grunnlag for prioriteringar i budsjettet for sektoren. Arbeidet med budsjett for sektoren må difor koordinerast med arbeidet med handlingsprogrammet.

Det vil vere avgjerande for gjennomføringa av temaplanen og handlingsprogrammet for «Fornye og Forbetre - auka gjennomføring» at tiltak vert innarbeidd i dei framtidige budsjetta og økonomiplanane.»

### **Avrøysting**

Avdelingsdirektør sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Berthelsen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtek temaplan fornye og forbetre sitt tilhøyrande handlingsprogram

Fylkestinget vedtok i desember 2020 at temaplanen Fornye og forbetre -Auka gjennomføring skulle vere eit styringsdokument og vere grunnlag for prioriteringar i sektoren. Vidare at det skulle utarbeidast eit tilhøyrande handlingsprogram der tiltak og prosessar var tidfesta og kostnadsrekna.

Då hovudutvalet handsama sak PS 41/2021 HU OPPKO Budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025 - arbeidsdokument 3/21 den 8.9.2021 peika utvalet mellom på at «Mål og strategidokumentet «Fornye og Forbetre - auka gjennomføring» og kvalitetsmeldinga må danne grunnlag for prioriteringar i budsjettet for sektoren. Arbeidet med budsjett for sektoren må difor koordinerast med arbeidet med handlingsprogrammet.

Det vil vere avgjerande for gjennomføringa av temaplanen og handlingsprogrammet for «Fornye og Forbetre - auka gjennomføring» at tiltak vert innarbeidd i dei framtidige budsjetta og økonomiplanane.

## **PS 63/21 Fylkeskommunal vikarteneste vidaregåande opplæring**

1. Fylkestinget ynskjer ikkje å gå vidare og greie ut ei ordning med vikarpool på noverande tidspunkt.

2. Fylkesdirektøren legg våren 2023 fram ei sak om erfaringar med det skuleadministrative systemet VIS med tanke på kva det betyr for handteringa av vikarbehovet i vidaregåande opplæring i hovudutval opplæring- og kompetanse.

3. Behovet for vidare utgreiing av vikarteneste i vidaregåande opplæring vert vurdert på bakgrunn av vedtak i sak våren 2023.

### **Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 23.11.2021**

**Nina Bognøy (A)** sette på vegner av A, MDG, Sp, SV og Krf fram slikt forslag:

«Alternativ:

Fylkestinget viser til utgangspunktet for sak som er eit verbalpunkt i budsjetthandsaming 15.12.20 . Fylkestinget vil arbeida vidare med etablering av vikarteneste i organisert og eigendreve form for vidaregåande opplæring i Vestland fylke.

1. Fylkesdirektøren legg våren 2023 fram ei sak om erfaringar med det skuleadministrative systemet VIS med tanke på kva det betyr for handteringa av vikarbehovet i vidaregåande opplæring i hovudutval opplæring- og kompetanse.

2. Fylkestinget ynskjer å gå vidare i arbeidet med å greie ut ei ordning med vikarpool for vidaregåande opplæring og ein ber om utgreiing og innretning av ordning vert lag fram som sak våren 2023.

Fylkestinget viser vidare til tilleggsbestilling vedtatt i fylkesutvalet 20.04.21, -Oppfølging av verbalpunkt, PS 83/2021 som ein del av det vidare arbeidet.

• «Fylkesrådmannen oppfordres til å gå i dialog med Bergen kommune og eventuelle andre utvalgte kommuner som er interessert i et mulig samarbeid om en offentlig bemanningstjeneste. Spørsmål knyttet til kompetansebygging, eksempelvis gjennom Fagbrev på jobb og andre relevante ordninger, bør også være en del av»

**Jeanette Onarheim Syversen (R)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Arbeidstakerorganisasjonene blir tatt med i prosessen på kvar enkelt skule og på overordna nivå.

### **Avrøysting**

Fylkesdirektøren sitt forslag til innstilling fekk 5 røyster (FNB, Frp, H) og fall.

Bognøy sitt forslag vart vedteke mot 5 røyster (FNB, Frp, H).

Onarheim Syversen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkestinget viser til utgangspunktet for sak som er eit verbalpunkt i budsjetthandsaming 15.12.20.

Fylkestinget vil arbeida vidare med etablering av vikarteneste i organisert og eigendreve form for vidaregåande opplæring i Vestland fylke.

1. Fylkesdirektøren legg våren 2023 fram ei sak om erfaringar med det skuleadministrative systemet VIS med tanke på kva det betyr for handteringa av vikarbehovet i vidaregåande opplæring i hovudutval opplæring- og kompetanse.

2. Fylkestinget ynskjer å gå vidare i arbeidet med å greie ut ei ordning med vikarpool for vidaregåande opplæring og ein ber om utgreiing og innretning av ordning vert lag fram som sak våren 2023.

Fylkestinget viser vidare til tilleggsbestilling vedtatt i fylkesutvalet 20.04.21, -Oppfølging av verbalpunkt, PS 83/2021 som ein del av det vidare arbeidet.

• «Fylkesrådmannen oppfordres til å gå i dialog med Bergen kommune og eventuelle andre utvalgte kommuner som er interessert i et mulig samarbeid om en offentlig bemanningstjeneste. Spørsmål knyttet til kompetansebygging, eksempelvis gjennom Fagbrev på jobb og andre relevante ordninger, bør også være en del av»

3. Arbeidstakarorganisasjonane blir tatt med i prosessen på kvar enkelt skule og på overordna nivå.

### **PS 64/21 NDLA- samarbeidsavtale (nye vedtekter) for oppgåvefelleskapet**

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune vedtek representantskapet sitt forslag til samarbeidsavtale for NDLA.
2. Samarbeidsavtala trer i kraft når alle deltakarfylka har vedteke avtalen

## **Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 23.11.2021**

**Karianne Torvanger (A)** reiste spørsmål kring eiga habilitet, da ho sit i representantskapet i NDLA. Utvalet vedtok samrøystes at Torvanger var habil til å delta i saksbehandlinga.

### **Avrøysting**

Fylkesdirektøren sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Vestland fylkeskommune vedtek representantskapet sitt forslag til samarbeidsavtale for NDLA.
2. Samarbeidsavtala trer i kraft når alle deltakarfylka har vedteke avtalen

## **PS 65/21 Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2021**

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune vedtek Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2021, Del I, slik han føreligg.
2. Fylkestinget tek til vitande status når det gjeld avviklinga av eigarskapen i Sarsia Development AS, HFK Tomt Knarvik AS og Lutelandet Utvikling AS.
3. Fylkestinget ber fylkesdirektøren starte prosess for avvikling av fylkeskommunen sin eigarskap i Atheno AS, Framtidsfylket AS, Gulen og Masfjorden Utvikling AS og Skyttel AS.
4. Vestland fylkeskommune vidarefører eigarskapen i følgjande selskap: Grieghallen IKS, TH Eigedom IKS, Vigo IKS, Kommunekraft AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Valen kraftverk AS, Fjord Invest Såkorn AS, Fjord Norge AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparke Vestland AS, Njøs Frukt- og bærsenter AS, Sogn og Fjordane Fondet AS, Beredt AS, Gløde AS, Hardanger AKS AS, In Via AS, Kveik AS, Opero Holding AS, Origod AS, Sogneprodukt AS, Bybanen AS, E134 Haukelivegen AS, Ferde AS, HFK Bussanlegg AS, Sunnhordland Lufthavn AS, Bergen Vitensenter AS, Campus Verftet AS, Opplæringsfartøy AS, Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, Carte Blanche AS, Den Nationale Scene AS, Det Vestnorske Teateret AS, Idrettsklynge Vest AS, Moster Amfi- og kyrkjehistoriske senter AS, Moster 2024 AS, Norsk Fjordhestsenter AS, Teater Vestland AS og Vestnorsk filmsenter AS.
5. Vestland fylkeskommune vidarefører deltakinga eller medlemskapet i følgjande interkommunale råd, kommunale oppgåvefelleskap og samvirkeføretak: Nasjonal digital læringsarena (NDLA), Vestlandsrådet, Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefelleskap, Kommunearkivinstitusjonenes digitale ressurscenter SA, Biblioteksentralen SA og Sinjarheim SA.



## Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 23.11.2021

**Åsmund Berthelsen (SV)** sette på vegner av A, MDG, Sp, SV og KrF fram slikt forslag:

«Alternativ:  
Saka vert tatt til orientering.»

### **Avrøysting**

Fylkesdirektøren sitt forslag til innstilling fekk 4 røyster (Frp, H) og fall.  
Berthelsen sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster (H (2H Halleraker, Øvre-Flo)).

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Saka vert tatt til orientering.

## **PS 68/21 Elev- og lærlingombodet - bemanninga framover**

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 23.11.2021

**Karianne Torvanger (A)** sette på vegner av A, MDG, Sp, SV og KrF fram slikt forslag:

«Hovudutval for opplæring og kompetanse delar ikkje avdelingsdirektøren sine vurderingar om at det er tilstrekkeleg med 1 elev og lærlingombod i Vestland. Vi er eit fylke med store avstandar, vi har 46 skular med over 20 000 elevar og vi har nærare 7000 lærlingar i ulike bedrifter i heile fylket.

Ombodet skal være eit lågterskeltilbod og skal være tett på eleven og lærlingen. Det framstår som lite hensiktsmessig at ombodet skal være mindre tilgjengeleg for elevar og lærlingar som har behov for tenestene. Dette svekkar laget rundt elevane og lærlingane våre.

Hovudutval for opplæring og kompetanse ber om at fylkesdirektøren snarast lyser ut og tilset i den vakante stillinga.»

### **Avrøysting**

Haugland sitt forslag fekk 1 røyst (FNB) og fall.  
Torvanger sitt forslag vart vedteke mot 1 røyst (FNB)

### **Vedtak**

Hovudutval for opplæring og kompetanse delar ikkje avdelingsdirektøren sine vurderingar om at det er tilstrekkeleg med 1 elev- og lærlingombod i Vestland. Vi er eit fylke med store avstandar, vi har 46 skular med over 20 000 elevar og vi har nærare 7000 lærlingar i ulike bedrifter i heile fylket.

Ombodet skal være eit lågterskeltilbod og skal være tett på eleven og lærlingen. Det framstår som lite hensiktsmessig at ombodet skal være mindre tilgjengeleg for elevar og lærlingar som har behov for tenestene. Dette svekker laget rundt elevane og lærlingane våre.

Hovudutval for opplæring og kompetanse ber om at fylkesdirektøren snarast lyser ut og tilset i den vakante stillinga.

## **PS 69/21 Samarbeid mellom skule og arbeidsliv - løypemelding**

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 23.11.2021

**Jeanette Onarheim Syversen (R)** sette fram slikt forslag:

«Hovedutval for opplæring og kompetanse vil som eit ledd i å styrke samarbeidet mellom skule og arbeidslivet be fylkesdirektøren om å leggje fram ei sak for utvalet om korleis partane i arbeidslivet kan informere elevar og lærlingar om trepartsamarbeid og avtalefesta løns- og arbeidsvilkår i dei vidaregåande skulane i Vestland fylke.»

#### **Avrøysting**

Onarheim Syversen sitt forslag vart vedteke mot 3 røyster (FNB, 1Sp (Reksnes), Krf).

#### **Vedtak**

Hovudutval for opplæring og kompetanse vil som eit ledd i å styrke samarbeidet mellom skule og arbeidslivet be fylkesdirektøren om å leggje fram ei sak for utvalet om korleis partane i arbeidslivet kan informere elevar og lærlingar om trepartsamarbeid og avtalefesta løns- og arbeidsvilkår i dei vidaregåande skulane i Vestland fylke.